

Det europeiske rammeverket og læreplanen for fremmedspråk

Kjell Gulbrandsen, Raufoss videregående skole

Den europeiske språkpermen ligg no føre på norsk for to nivå både elektronisk og i papirformat. Då læreplanen for fremmedspråk skulle utarbeidast, spelte Det felles europeiske rammeverket for språk, som språkpermen byggjer på, ei sentral rolle i fagdiskusjonane. Denne artikkelen vil kort ta føre seg enkelte sider ved forholdet mellom læreplanen og rammeverket.

Europarådets deskriptorar

Det felles europeiske rammeverket for språk (Council of Europe 2001)¹ er – som namnet seier – eit *rammeverk*, ei heil bok, for språklæring, undervisning og vurdering som er utarbeidd av Europarådets avdeling for moderne språk. Det analyserer læring, undervisning og vurdering i ein sosial og kommunikativ samanheng, og det beskriv og definerer ulike språknivå og viser kva kunnskapar og ferdigheiter som hører heime på dei respektive nivåa.

Deskriptorane er ledd i denne tenkinga: For å kunne slå fast kva som i eit livslangt perspektiv er dei ulike stega i utviklinga til ein som lærer seg eit språk – ein *innlærer*, som det no heiter på norsk – har Europarådet utvikla skalaer med ulike ferdigheiter og ulike nivå.

Som stadig fleire lærarar har vorte kjent med, og som det går fram av språkpermen (Utdanningsdirektoratet 2009; Fremmedspråksenteret 2009), deler Europarådet fremmedspråkferdigheitene inn i tre hovudnivå, frå A (det lågaste) til C (det høgste). Kvart hovudnivå er på si side delt inn i to undernivå slik at vi i alt får seks nivå, rekna nedanfrå og opp: A1, A2, B1, B2, C1 og C2:

Engelsk ²		Spansk
Hovudnivå	Delnivå	
Proficient User	C2 Mastery	Usuario competente
	C1 Effective Operational Proficiency	
Independent user	B2 Vantage	Usuario independiente
	B1 Threshold	
Basic User	A2 Waystage	Usuario básico
	A1 Breakthrough	

¹ Rammeverket ligg òg føre på spansk: Consejo de Europa (2002).

² Det felles europeiske rammeverket er opphavleg utforma på engelsk: Council of Europe (2001).

Planar med direkte referanse til rammeverket

Det er lett å sjå fordelane ved å knyte opplæring og vurdering direkte til språkpermen og deskriptorane i rammeverket. Då læreplanarbeidet starta, fekk då også læreplangruppene for engelsk og fremmedspråka opplyst at rammeverket skulle innarbeidast i planane.³

Korleis kan dette gjerast? Vi skal sjå på to planar som eksempel:

Det dåverande Utdannings- og forskingsdepartementet hadde før Kunnskapsløftet fastsett ein læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak (Utdannings- og forskingsdepartementet u.å.) som tett og tydeleg var knytt til rammeverket: «Dei språklege måla for opplæringa er i denne læreplanen beskrivne på fire språknivå: nivå A1, nivå A2, nivå B1 og nivå B2, slik det er gjort greie for dei i rammeverket.» T.d. heiter det for nivå A1 i norskopplæringa at delmåla for ferdigheita *lytte* er at innlæraren kan

- [...] kjenne att kjende ord og heilt enkle frasar som har med eigen person og familie og dei nærmaste konkrete omgivnadene å gjere, når det vert snakka seint og tydeleg og med lange pausar
- [...] forstå spørsmål og korte instruksjonar og følgje heilt enkle rettleingar når det vert snakka seint og tydeleg
- [...] forstå tal, og uttrykk for mengd, prisar og tid
- [...] forstå daglegdagse uttrykk, spørsmål og beskjeder direkte til ein sjølv, dersom det vert snakka seint og tydeleg

Dette er ei direkte omsetjing av originalteksten, Europarådets språkprofil (Council of Europe 2001: 26f.). Liknande delmålformuleringar finn vi for dei andre ferdigheitene, som her er kalla *lese*, *snakke*, *skrive* og *samtale*. Planen beskriv kjenneteikn ved språket på dette nivået (ved hjelp av kategoriane *språkleg breidde*, *grammatikk*, *flyt*, *samtale* og *samanheng*). Vidare listar planen opp dei relevante felte innanfor dei domena som innlæraren skal lære å bruke språket innanfor: *personleg*, *offentleg*, *opplæring* og *yrke/arbeidsliv*. Læreplanen i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak er m.a.o. ei klar og tydeleg konkretisering av den generelle beskrivinga i rammeverket for språknivåa A1–B2.

Finland hadde då allereie lagt seg på eit prinsipp der læreplanen i fremmedspråk viste til nivåa i rammeverket. I «Bilaga 2» i planen, som er ei omsetjing av Europarådets språkprofil (Council of Europe 2001: 26f.), les vi at «[n]ivåskalan är en i Finland utarbetad tillämpning av de skalor som ingår i den allmänneuropeiska referensramen för undervisning, inläring och

³ Munnleg informasjon til artikkelforfattaren, som på dette tidspunktet arbeidde i Utdanningsdirektoratet med vurdering i fremmedspråk, og såleis var med i diskusjonane om læreplanen.

bedømming av språk som utveklats av Europarådet» (Utbildningsstyrelsen 2004: 278ff.). Læreplanen for dei forskjellige nivåa viser på si side til vedlegget, t.d. slik (*ibid.*, s. 142):

Ferdighetsnivå i språket i årskurs 9 enligt nivåskalan för språkkunskaper (bilaga)

SPRÅK	HÖRFÖRSTÅELSE	TAL	LÄSFÖRSTÅELSE	SKRIFT
Engelska	B1.1 Fungerande grundläggande språkfärdighet	A2.2 Grundläggande språkfärdighet stadd i utveckling	B1.1 Fungerande grundläggande språkfärdighet	A2.2 Grundläggande språkfärdighet stadd i utveckling
Övriga språk	A2.2 Grundläggande språkfärdighet stadd i utveckling	A2.1 Den grundläggande språkfärdigheten begynnelsekede	A2.2 Grundläggande språkfärdighet stadd i utveckling	A2.1 Den grundläggande språkfärdigheten begynnelsekede

Nivå i rammeverk og læreplan

Men kva er det reelle forholda mellom rammeverket og læreplanen? Går vi inn på forarbeidet til læreplangruppa⁴, ser vi at intensjonen på eitt steg i prosessen var å kople nivåa i hovudområdet *kommunikasjon* i læreplanen til nivå i rammeverket:

Trinn i opplæringa	Språknivå i læreplanen ⁵	Nivå i rammeverket
Etter Vg2	Fremmenspråk 2	B1–B2
Etter Vg1	Fremmenspråk 2	A2–B1
Etter 10. trinn Etter Vg2	Fremmenspråk 2 Fremmenspråk 3	A2
Etter 9. trinn Etter Vg1	Fremmenspråk 2 Fremmenspråk 3	A1

Seinare fall kompetansemåla for 9. trinn/Vg1 bort for respektive Fremmenspråk 2 og Fremmenspråk 3 slik at planen berre kom til å innehalde dei tre øvste kompetansenivåa i tabellen ovanfor. Det som likevel står fast, er at målet for den opplæringa som elevane har i grunnskolen (nivå I i den endelege planen), er identisk med måla for byrjaropplæringa i eit fremmenspråk i den vidaregåande opplæringa (nivå I i læreplanen). Nivå II er den opplæringa i den vidaregåande opplæringa som byggjer på nivå I, anten frå grunnskolen eller frå den vidaregåande opplæringa.

Det vil vere naturleg å tolke tenkinga til læreplangruppa slik at det samansette uttrykket «B1–B2» ikkje er uttrykk for famling og upresist arbeid, men for at elevane vil nå lenger i dei reseptive enn i dei produktive ferdigheitene (jf. den finske læreplanen). Det er

⁴ Læreplanarbeidet var i heile det fyrste stadiet ein open prosess der utkast heile tida vart publiserte på heimesida til Utdanningsdirektoratet.

⁵ Den ferdige læreplanen har andre nemningar enn dette arbeidsdokumentet. Figuren er teken med for å illustrere prinsippet som læreplangruppa la til grunn.

ikkje noko som tyder på at kravet til nivå i opplæringa er endra frå høringsutkasta til den ferdige læreplanen, og vi bør då kunne konkludere med at samsvaret mellom læreplanen og Rammeverket ser slik ut:

Trinn i opplæringa	Nivå i rammeverket				
	Lytting	Lesing	Samtale	Munnleg produksjon	Skriving
Etter Vg2 (nivå II, 2. året)	B2	B2	B1	B1	B1
Etter Vg1 (nivå II, 1. året) ⁶	B1	B1	A2	A2	A2
Etter 10. trinn (nivå I, 3. året)	A2	A2	A2	A2	A2
Etter Vg2 (nivå I, 2. året)					

Ei lærerik oppgave for både studentar og fremmensspråklærarar bør derfor vere å gå inn i både språkprofilen i rammeverket og læreplanen for å sjå kva som konkret er målet for opplæringa på dei forskjellige nivåa – ein heilt nødvendig føresetnad for at arbeidet med den europeiske språkpermen skal bli meningsfullt og målretta innanfor læreplanen.

Vurdering i lys av læreplan og rammeverk

Den norske læreplanen famnar vidare enn rammeverket på fleire område. Der rammeverket viser dei ulike nivåa for *dei kommunikative ferdigheitene*, viser læreplanen *kompetansemål*. Særleg når det gjeld vurdering, kan vi derfor på ingen måte operere med eit 1–1-forhold mellom dei to dokumenta (dette gjeld òg for den finske læreplanen). Det er altså ikkje noko samsvar mellom karakterar (på grunnlag av oppnådd måloppnåing ut frå læreplanen) og nivå i rammeverket: Ein elev som ut frå læreplanen skal nå nivået A2, får 5 eller 6 dersom resultatet er høg grad av måloppnåing når alle dei tre hovudområda i læreplanen ligg til grunn, men dersom denne eleven ikkje utviklar seg i takt med progresjonen i læreplanen, vil resultatet bli lågare og lågare etter kvart som krava i læreplanen blir høgare og høgare.

Ein karakter i fremmensspråk på eit norsk vitnemål seier derfor lite til andre enn Samordna opptak og til nød norske arbeidsgivarar, i den graden dei kjenner dei nye læreplanane, om det faglege nivået. Ein elev som får 5 i spansk nivå I og 3 i engelskspråkleg litteratur og kultur, vil sannsynlegvis likevel vere sterkare i engelsk enn i spansk. Eit avgangsvitnemål som vedlegg til språkpasset i språkpermen i språkpermen vil derimot gi meining på tvers av heile Europa fordi språkpasset har eit enkelt og felles sett vurderingskriterium som gir uttrykk for det reelle ferdigheitsnivået utan omsyn til timetal og læreplanmål.

Konklusjon

Dei direkte referansane til Rammeverket i dei fyrste læreplanutkasta vart fjerna fordi læreplanane berre skulle byggje på dei retningslinjene som Storting og departement hadde fastsett for læreplanane.⁷

På den ande sida kan det ikkje vere tvil om at dei som underviser etter og dei som får opplæring etter den norske læreplanen for norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak og læreplanen for fremmenspråk i Finland, har eit tydelegare dokument enn den norske læreplanen for fremmenspråk med tanke på den store fordelen det er å bruke den europeiske språkpermen aktivt og direkte i opplæringa.

Litteratur

Council of Europe (2001): *Common European Framework of Reference for Languages: Learning, teaching, assessment*. – Cambridge: Cambridge University Press.

Consejo de Europa (2002): *Marco común europeo de referencia para las lenguas: aprendizaje, enseñanza, evaluación*. – Madrid: Ministerio de Educación, Cultura y Deporte.

Fremmedspråksenteret (2009): *Den europeiske språkpermen*. <http://www.fremmedspraksenteret.no/index.php?ID=10109> (lasta ned 15.10.2009, kl. 15.53).

Kunnskapsdepartementet (2006): Læreplan i fremmedspråk. (<http://www.utdanningsdirektoratet.no/grep/Lareplan/?laereplanid=123914&visning=1>; lasta ned 16.10.2009, kl. 23.25).

Utdanningsdirektoratet (2009): *Europeisk språkperm 13–18*. – Oslo: Utdanningsdirektoratet.

Utdannings- og forskingsdepartementet (u.å.): *Læreplan i norsk og samfunnskunnskap for vaksne innvandrarak*. – Oslo: Utdannings- og forskingsdepartementet (<http://www.vox.no/templates/CommonPage.aspx?id=677>; lasta ned 15.10.2009, kl. 16.12).

⁶ Den ferdige læreplanen inneheld ikkje kompetansemål for nivå I, 1. året og nivå II, 1. året.

⁷ Artikkelforfattaren vil her gjerne avlive ein myte: Dette har ingen som helst samheng med at Noreg ikkje er medlem av Den europeiske unionen. Rammeverket er utarbeidd av Europarådet, som har langt fleire medlemmer enn EU. Tanken om ein språkperm og eit felles rammeverk oppstod dessutan i det svært så nøytrale Sveits.

Utbildningsstyrelsen (2004): Grunderna för läroplanen för den grundläggande utbildningen
2004. – Helsingfors: Utbildningsstyrelsen

(<http://www02.oph.fi/svenska/ops/grundskola/LPgrundl.pdf>; lasta ned 16.10.2009, kl. 22.42).